

Referat frå kommunemøte torsdag 15. oktober

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen og KS

Ikkje til stades: Askøy, Kvam, Masfjorden, Modalen, Samnanger, Sveio og Årdal

1. Neste møte

Vi vurderer situasjonen slik at det er på tide å justere møtefrekvensen til annakvar veke, til same tid. Ved behov vil vi kalle inn til ekstraordinære møte mellom dei faste møtepunktta, og vi oppmodar kommunane om å gi beskjed dersom de ser behov for det.

Neste telefonmøte blir såleis torsdag 29. oktober kl. 13.30. Oppkopling som før seinast kl. 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet. Vi vil ikkje lenger gjennomføre opprop ved møtestart.

2. Informasjon

Vi minner om [digital fagsamling komande tysdag, 20. oktober](#). Det er over 100 påmeldte per i dag. Lenke til fagsamlinga (Teams) blir sendt ut torsdag ettermiddag saman med oppdatert program. Påmeldingsfrist i dag.

3. Kort orientering om smitteutbrotet i Hyllestad

Fylkesmannen og Folkehelseinstituttet har invitert til eit førebels evalueringsmøte i dag, 15. oktober. I tillegg til Hyllestad, vert òg nabokommunane, Bergen kommune og Sunnfjord kommune med. Støtta frå dei andre kommunane har vore veldig viktig under handteringa.

Vi ser allereie no at det er mykje viktig lærdom å hente for andre kommunar etter utbrotet i Hyllestad. Det handlar t.d. om å ha eit system for alle elementa i TISK-strategien: testing, smittesporing, karantene og isolasjon. Det gjer det mogleg å kome raskt i gang og med tilstrekkeleg kapasitet. For å få dette til må kommunane hjelpe kvarandre. Det er viktig både med eit godt samvirke og samarbeid mellom kommunar, og samhandling mellom kommune, Folkehelseinstituttet og Fylkesmannen. Forholdet mellom kommune og arbeidsgjevar, som omsyn til innkvarteringsforhold under eit utbrot, språk og kultur, vil òg vere sentrale tema for erfaringsdelinga.

Vi vil invitere Hyllestad kommune til å gi ei orientering på eit seinare kommunemøte.

4. Lokale smitteverntiltak

Helse- og omsorgsdepartementet har revidert rundskrivet om kommunale smitteverntiltak.

Føremålet med rundskrivet er å gi kommunane rettleiing om lokale smitteverntiltak, som til dømes å forby samankomstar over ein viss storleik eller på annan måte avgrense sosial omgang mellom personar. Som følge av lemping av nasjonale tiltak aukar behovet for kommunal tilpassing og innstramming når smittesituasjonen lokalt tilseier det. Helse- og omsorgsdepartementet understrekar at det difor er viktig at kommunane vurderer behovet for lokale smitteverntiltak ved smitteoppblomstring.

Ein del kommunar har fatta lokale vedtak etter sommaren. Departementet oppmodar kommunane om å innhente erfaringar frå handteringa av smitteutbrot i andre kommunar. Vi tek

sikte på å få ein kommune til å dele sine erfaringar med utforming og bruk av lokale vedtak i neste kommunemøte.

Det reviderte rundskriv om kommunale smitteverntiltak finn de her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-i-72020-om-kommunale-smitteverntiltak-som-forbyr-eller-begrenser-sosial-omgang/id2769937/>

5. Fordelingsnøkkel smittevernutstyr

Vi har tidlegare varsla om endringar i fordelingsnøkkel for smittevernutstyr frå den nasjonale innkjøpsordninga. Det vert sett av meir utstyr til beredskapslageret no enn tidlegare, for å bygge opp ein nasjonal buffer. Det fører til endringar i korleis utstyret vert fordelt. Alt utstyret vert no fordelt etter folketal. Alt som kjem inn av augevern og smittevernfrakkar vert lagt til beredskapslageret. Kommunane vil få fordelt 100 % av stellefrakkar og 20 % av hanskar, andedrettsvern (FFP2/FFP3), hovudplagg og munnbind. Sjå oversikta under.

| Vare | Beredskap | Helseregioner | Kommuner |
|--------------------------|-----------|---------------|----------|
| Hansker | 50% | 30% | 20% |
| Åndedrettsvern FFP2/FFP3 | 50% | 30% | 20% |
| Hodebekledning | 60% | 20% | 20% |
| Munnbind | 80% | 0% | 20% |
| Stellefrakkar | 0% | 0% | 100% |
| Øyebeskyttelse | 100% | 0% | 0% |
| Smittevernfrakkar | 100% | 0% | 0% |

Regionenes og kommunenes andeler fordeles basert på folketall

6. Nasjonal kartlegging om innkjøp av smittevernutstyr

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Helsedirektoratet i oppdrag å skaffe oversikt over status for i kva grad kommunane har kome i gang med egne innkjøp. Vi er bedt om å innhente opplysningar frå kommunane i Vestland. Helsedirektoratet presiserer at dei treng data frå alle kommunane om i kva grad dei per 15. oktober eller 1. november har gjort egne bestillingar av smittevernutstyr, og om dei gjer innkjøpet i samarbeid med andre kommunar. Vi sendte e-post til kommunane måndag, med frist kl. 12 i dag.

Vi vil takke alle som har svart. Vi manglar framleis ein del svar og vil purre etter dette møtet.

- Dei fleste kommunar melder om at dei har bestilt eller vil bestille smittevernutstyr innan 1. november.
- Nokre få kommunar har gitt tilbakemelding om at dei ikkje vil bestille innan 1. november.
- Fire kommunar rapporterer om at dei samarbeider om innkjøp.
- Fleire kommunar ser på mogleg felles lager av smittevernutstyr.
- Avgrensingar i lagerkapasitet ser ut til å vere eit hinder for å leggje inn større bestillingar for å sikre åtte månaders forbruk. Ein kommune melder om at Maske ikkje ønskjer større bestillingar, men heller fleire små med jamne mellomrom.

Fylkesmannen tilrår at kommunane ved både planlegging og innkjøp følgjer dei nasjonale tilrådingane om å bestille for 8 månaders forbruk, då det er forventa å bli lang leveringstid.

7. Koronavaksinasjonsprogrammet

Regjeringa har bestemt at vaksinasjon mot korona vert ein del av det [nasjonale vaksinasjonsprogrammet](#). Dette inneber at kommunen har plikt til å tilby og gjennomføre vaksinasjon, i tillegg til å gi ut naudsynt informasjon. Helseføretaka skal gjere det same for sine pasientar. FHI vil gi rettleiing og fordele ut vaksinar når dei kjem.

Vaksinen vil vere gratis for befolkninga og kommunen vil få dekkja sine utgifter knytt til vaksiner.

FHI har oppretta eit eige prosjekt knytt til koronavaksinasjonsprogrammet med fem delprosjekt som ser på distribusjon, tilråding om formål og prioritering, overvaking og oppfølging, kommunikasjon og forskning.

Det er stor uvisse knytt til kva vaksine som vil bli godkjent og når desse vert tilgjengeleg i Noreg. Det er også usikkert kva eigenskapar vaksinen vil ha, noko som vil påverke kven som vert målgruppe for vaksinen. Ettersom det er så mykje uvisse er det for tidleg å fastslå ei rekkjefølgje for kven som skal få vaksinen. Dette vil først kunne bli avklart når ein har meir informasjon.

FHI vil starte med å informere kommunane om planlegging for vaksiner. Første brev skal ha blitt sendt ut frå FHI til kommuneoverlegar og rådmenn i går eller i dag. FM skal få kopi av brevet.

FHI har denne veka gjennomført eit webinar i samband med felles Vaksinasjonsdagar og smitteverndagar 2020. Eit av tema her vore vegen til vaksine mot covid-19. Lenke til opptak av webinarret vil bli publisert på FHI sine sider.

8. Influensavaksinasjon

Utendingane av førehandsbestilte influensavaksinar går som planlagt og vil vere ferdig i neste veke. Då vil dei byrje å sjå på etterbestillingane. Lagersituasjonen er krevjande, og det blir arbeidd for å få ei rettferdig fordeling av dei resterande vaksinane mellom kommunane. Denne fordelinga vil ikkje skje før Fluad-vaksinen kjem (*vaksina som har betre effekt hjå eldre, og som primært skal gis til bebuarar over 65 år i sjukeheim eller omsorgsbustader*).

FHI har fått spørsmål om det vil vere aktuelt for FHI å samle inn att vaksiner for å sikre ei meir rettferdig fordeling, men det vil ikkje vere aktuelt, m.a. grunna behov for kjøleg oppbevaring.

Det blir arbeidd internasjonalt med å få tak i meir av den vanlege influensavaksina, men dette er krevjande då etterspurnaden er stor. FHI er i dialog med Legemiddelverket om å kjøpe inn utanlandske pakningar med vaksine.

Det er venta vaksinasjonsrekord.

9. Besøk i helse- og omsorgsinstitusjonar og omsorgsbustader

Førre fredag sendte vi ut eit hastebrev til alle kommunane frå Helsedirektoratet om besøk i helse- og omsorgsinstitusjonar og omsorgsbustader. I brevet frå direktoratet vart det presisert at det er ulike reglar for helse- og omsorgsinstitusjonar og omsorgsbustader.

Det går ikkje an å nekte besøk i omsorgsbustader då dette vert sett på som bebuar sin private heim. Eventuell besøksstans og adgangskontroll må skje basert på dialog med bebuar og pårørande.

Bebuarar i sjukeheimar og andre helse- og omsorgsinstitusjonar har rett på besøk. Kommunen kan berre avgrense besøk i institusjonar viss det er strengt naudsynt.

Dette er eit tema som har blitt tatt opp jamleg og som det er stor politisk merksemd rundt. Årsaka til den siste presiseringa frå Helsedirektoratet er at dei har motteke meldingar om kommunar som nektar besøk eller har svært strenge besøksrutinar. Vi har ikkje full oversikt og veit ikkje om det gjeld kommunar i Vestland, men det er viktig at alle kommunane tenker gjennom eigen praksis i høve føringane.

10. Informasjon frå Høgskulen på Vestlandet om praksis for studentar og dialog med kommunane v/dekan Randi Skår

Fakultet for helse- og sosialvitenskap ved HVL utdannar kandidatar innan 7 bachelorutdanningar – sjukepleie, vernepleie, sosialt arbeid, fysioterapi, radiografi, ergoterapi og barnevern. Dei har samarbeidsavtaler om praksis i alle kommunar i Vestland og nord-Rogaland. Praksis er ein sentral del av studia i alle desse utdanningane, og det er særskilde krav til obligatorisk deltaking. Generell informasjon om praksis er samla her: <https://www.hvl.no/student/praksis/>

Skår orienterte om HVL sitt arbeid med beredskap og smitteverntiltak i utdanningar og på alle fem campus, og særleg innan helse- og sosialfag. HVL har etablert faste beredskapsmøte med Bergen kommune, VID vitenskapelige høgskole og Helse Bergen. Dei har òg faste møte med vertskommunane; Sogndal, Sunnfjord, Haugesund, Stord og Bergen.

Det er utfordrande å gjennomføre praksis under ein pandemi, og det gir eit særleg behov for godt samarbeid om praksisperiodar med kommunane. HVL har merksemd på å oppretthalde progresjon i studia og utdanne nok kandidatar til helse- og sosialtenestene.

Samarbeidsavtale er sendt til signering i alle kommunane, og HVL ønskjer forankring i kommunal leiing for å sikre samarbeid på tvers i høve alle utdanningar der praksis er aktuelt. HVL treng kontaktpersonar i alle kommunar med eit koordinerande ansvar for praksis, og er avhengig av desse for at samarbeidet rundt rutinar skissert i avtalar skal fungere godt.

Per i dag manglar HVL tilbakemelding frå ein god del kommunar:

Øygarden, Voss, Vik, Ulvik, Ullensvang, Sveio, Sunnfjord, Stryn, Stord, Stad, Solund, Samnanger, Osterøy, Modalen, Masfjorden, Lærdal, Luster, Kvam, Høyanger, Hyllestad, Gulen, Fitjar, Fedje, Etne, Eidfjord, Bømlo, Bremanger, Austevoll, Aurland, Askvoll

Eidfjord og Årdal har så langt ikkje signert avtale eller formidla kontaktperson, men begge har gjeve positive signal om at dei vil signere.

Ved spørsmål knytt til praksis eller avtalar, kan kommunar/praksisplassar gjerne ta kontakt på e-post: FHS-praksis@hvl.no Ev. kan rådgjevar Anne Charlotte Skahjem kontaktast på tlf. 55 58 55 27/e-post: anne.charlotte.skahjem@hvl.no

Fungerande prodekan for utdanning i fakultetet, Dagrun Kyrkjebø (e-post: dagrun.kyrkjebo@hvl.no), er kontaktperson ved HVL og leiar beredskapsarbeid mot utdanning.